



Akutt forløp for pasientar med overdose

Rundt 260 personar dør kvart år av overdose i Noreg.
Dei siste åra har Noreg hatt blant dei høgaste registrerte
førekomstar av narkotikaultløyste dødsfall, per
innbyggjar i Europa.

Mottaksklinikken

Ved Akuttposten blir pasientar med overdose av rusmiddel teke imot av lege og sjukepleiar og kopla til overvakningsutstyr. Det blir gjennomført ei roleg oppvakning utan bruk av antidot/motgift om pasienten har stabil respirasjon og sirkulasjon. Målet med innlegginga er å få ein samarbeidsvillig pasient som kan kartleggjast og motiverast for vidare behandling for si rusliding.

Haukeland universitetssjukehus er det vi veit einaste sjukehuset med eit slikt unikt tilbod til pasientar med overdose i Noreg.

Målet

Er at alle pasientar med overdose skal få ei likeverdig behandling av høg kvalitet, og at andre som tar imot og behandler pasientar med overdose kan bruke «modellen» vår.

Løysinga

For å få dette til treng vi å kartleggje, evaluere og dokumentere tilbodet vi har i dag. Samt å utvikle og implementere eit heilskapleg pasientforløp, frå pasienten med overdose vert innlagd i Akuttposten til han er i behandling for si grunnliding.

– Rett tilbod til rett pasient til rett tid.

Finansiering

Prosjektet har motteke innovasjonsmidlar
frå Helse Vest HF i 2017.

Samarbeidspartnarar

Bergen kommune.

Kontakt

Heidi Synnøve Brevik, einingsleiar,
Mottaksklinikken FOU,
Haukeland universitetssjukehus.

Mobiltelefon: 911 43 819

E-post:

heidi.brevik@helse-bergen.no

Anne Margrethe Stokken, einingsleiar,
Akuttposten, Mottaksklinikken,
Haukeland universitetssjukehus.

Mobiltelefon: 974 73 539

E-post:

anne.margrethe.stokken@helse-bergen.no

